



Tingvoll, 21.6.2026

Sunndal kommune  
[post@sunndal.kommune.no](mailto:post@sunndal.kommune.no)

## **VOLLASETERVEGEN 2 - HØYRINGSFRÅSEGN**

Dykkar ref. 24/01855-11

Naturvernforbundet ønskjer å levere fråsegn i denne saka.

Vegen er planlagt i område som er regulert som LNF i arealplanen, trur vi. Karta som er tilgjengelege på nett kan svare på alt mogleg, under den føresetnaden at lesar skjønar dei. Det må vi innrømme at fylkessekretæren i Naturvernforbundet for tida ikkje er i stand til. Vi er lei for at vi difor må gjette på føresetnadene, men vi kan ikkje la det hindre oss å seie noko om saka.

Vi fekk høyre rykte om vegprosjektet tidlegare i veka, og var heller ikkje i stand til å finne saka i postlista. Vi rota oss bort i saka vedkomande Vollasetervegen 1 og fekk ikkje noka forståing av høyringssaka ved det. At saka er på høyring fann vi ut av etter kommunal opningstid 19.6., så det var heller ikkje råd å spørje før høyringsfristen går ut.

Dette seier nok litt om allmenta si moglegheit til å medverke i ei sak som dette. Det tykkjer vi kommunen skal sjå litt nærare på.

Viss ein landbruksveg kan handsamast etter landbruksvegforskrifta må det skuldast at området ligg i LNF-sone. Det tyder at landbruksverksemd er i samsvar med planen. Samtidig er det regulert til omsyn som gjeld natur og friluftsliv. Det tyder at ein i visse høve må ordne ei avklaring mellom landbruksføremål og dei to andre omsyna.

Vollaseterlia er for ein del år sidan kartlagd når det gjeld natur. Det er fleire ulike naturtypar i lia. Når ein legg dette til grunn, saman med artsregistreringar i området, er det klart at det finst store naturverdiar i området. Både naturtypene og nokre av artane står på raudlista. Ved ytterlegare kartlegging, som vi meiner er nødvendig, må ein rekne med å finne meir. Behovet for meir kartlegging skuldast mellom anna at det sidan det sist var kartlagd har kome nye raudlister.

Å anlegge traktorveg til Vollasetra har elles ikkje meining då slåttemarka på Vollasetra vil bli øydelagd av veg eller eventuelt traktorkøyring utan veg.

Når det gjeld friluftsliv går det ein sti opp gjennom heile lia. Denne er i seg sjølv eit kulturminne. Ein traktorveg vil på fleire måtar øydelegge eller forstyrre denne. Det er elles eit stort tal brukarar av stien og området. Vollasetra i seg sjølv er eit kulturminne og friluftslivet er ein stor brukar av dette.

Det er sannsynleg at det må til dispensasjon frå arealdelen til kommuneplan i saka. Då skal det vurderast om fordelane er større enn ulempa med tiltaket. Enkel traktorveg klasse 8 er ikkje eigna for traktor med vogn. Sjølv klasse 7 er ikkje vegen som innbyr til rask køyring og store lass. Å hogge bjørk i denne lia med ei avkasting som betalar vegen trur vi ikkje på. Om det må til tilskot for å få lønsemd, så er det ikkje lønsemd for samfunnet. Så mykje gran er det ikkje høgt oppe i lia, og alternative måtar som taubane må i alle fall vurderast.

Naturvernforbundet meiner at det er nødvendig å vurdere denne saka etter plan- og bygningslova. Den forenkla handsaminga etter landbruksvegforskrifta kan ikkje brukast som følgje av at det er andre omsyn som også er viktige.

Dette er ei sak der natur og friluftsliv gjer seg gjeldande når ein skal vurdere samla verknad av eit tiltak.

Kommunal- og distriktsdepartementet har kome med ei tolking som gjeld plan- og bygningslova og landbruksvegforskrifta 19.12.2023. Forarbeida til PBL 12.1, 3. ledd seier mellom anna:

*Det står mellom anna «Visse tiltak vil alene i kraft av størrelsen utløse reguleringsplikt. I andre tilfeller kan tiltak som ikke i seg selv er så store, men der virkningene for omgivelsene er omfattende eller usikre, føre til reguleringsplikt. Dette kan være aktuelt for tiltak som plasseres i sårbare områder med f.eks. særlig verdifullt kultur- eller naturlandskap, områder som er preget av bevaringsverdig bebyggelse eller på annen måte har særlig vernekarakter.»*

Kommunen må krevje reguleringsplan i denne saka.

Vi ber om å få vedtaket i saka tilsendt.

Med helsing

Øystein Folden  
Fylkessekretær